



Studieplan 2007/2008

Master i Innovasjon og næringsutvikling (kull 2007 - 09)

Studiet skal gi kunnskap om utvikling av bedrifter og næringer. Hvilke næringer kan utvikles i rike land? Hvordan virker markedøkonomien i en globalisert verden? Hva kan oppnås med en aktiv næringspolitikk? Dette er eksempler på sentrale problemstillinger som studiet skal gi innsikt i.

Studiet setter næringsutvikling inn i en regional utviklingskontekst. Dynamikken i bedrifts- og næringsutvikling bli analysert i forhold til omgivelsene; bedrifter i nettverk, klynger, regionale og nasjonale innovasjonssystemer. I denne sammenheng blir offentlig sektors rolle både som regulerende regime og aktiv deltaker i næringsutvikling og partnerskap vektlagt. Gjennom masteroppgaven blir du øvd i kritisk og reflektert tenking, slik at du får en selvstendig basis i din yrkeskarriere.

Faglig innhold

Studiet er bygd opp i følgende emne på 15 studiepoeng

A. Obligatoriske emne

- A1: Vitskapsteori og metode
- A2: Entreprenørskap og utviklingsaktørar
- A3: Næringspolitikk og næringsutvikling

B. Valgfrie emne (studentane skal velgje 2 av emnene)

- Flernivåstyring, partnerskap og planlegging
- Kulturbasert næringsutvikling
- Organisasjonsutforming i offentlig sektor
- Ledelse - strategi og endring
- Politisk styring i regionenes Europa
- Kreative prosesser, storytelling og opplevelsesproduksjon
- Markedsanalyse, markedssegmentering og kundeanalyse

C. Masteroppgave

- C1: Masteroppgave 45 studiepoeng (§ 3)

Sjå studiemodellen over som viser oppbygginga av masterstudiet.



I haustsemesteret blir studentane tilbode eit 15 poengs kurs i vitenskapsteori og metode. Kurset byggjer på at studentane har grunnleggjande kunnskap om emnet frå bachelorutdanninga. Ein tek også omsyn både til at store delar av studentgruppa vil ha bakgrunn i økonomisk administrative fag og at studentgruppa ikkje har rein disiplinbakgrunn.

Emne 1, 2 og 3 er obligatoriske medan studentane har to valfrie emne til å spesialisere seg og fordjupe seg i den retninga dei sjølve har størst interesse. Valfrie modular kan også takast ved andre studiestader. Studentane kan ha ulike grunnar for å ta dei valfrie emna ein annan stad, til dømes ønsket om eit utanlandsopphald. Desse studentane kan velje å starte med avhandlinga i semester 2 i staden for det valfrie emnet. Dei vil da ha to valfrie emne i 3. semester og kan såleis tilbringe dette semesteret ved ein annan studiestad, til dømes i utlandet.

Dei tre obligatoriske emna er

1. semester: "Entreprenørskap og utviklingsaktørar" og "Vitenskapsteori og metode"
2. semester: "Næringspolitikk og næringsutvikling"

Vitenskapsteori og metode er det naudsynt å starte med tidleg i studiet fordi det også er eit mål å kome i gang med å bruke innsiktene herfrå så tidleg som mogleg. Grunngevinga for rekkjefølgja mellom dei to andre obligatoriske emna er først og fremst pedagogisk. Målgruppa av studentar tilseier at fleirtalet er relativt bedriftsorienterte frå BA-utdanninga si. Det er viktig å starte med det kjente for å sikre motivering og hindre fråfall. I tillegg byggjer emnet "Næringspolitikk og næringsutvikling" på basiskunnskap frå det obligatoriske emnet "Entreprenørskap og utviklingsaktørar". Det er også ei tilsikta overlapping og ein naturleg overgang mellom siste bolken av emnet "Entreprenørskap og utviklingsaktørar" og første bolken i emnet "Næringspolitikk og næringsutvikling".

Obligatoriske emne på andre masterutdanningar på høgskulen kan velgast inn som valfrie emne på dette studiet. Andre valfrie emne er spesielt utvikla for denne masteren. Studentane kan velje to av desse tilboda. Etter individuell søknad og vurdering kan også andre emne som blir tilbode på HiL, eller andre lærestader i inn- og utland, velgast. Kva studentane kan velje mellom vil variere avhengig av semester, men vil også kunne variere frå år til år.

Spesielt om integrering av masteroppgåva

Det skal organiserast eit masteroppgåveseminar allereie 1. semester. Her skal det leggst vekt på oppgåvedesign og metodeproblem.

Studentar som har valt tema for masteroppgåva, kan knyte skriftlege arbeid som skal innleverast under dei ulike emna, til temaet for masteroppgåva. Desse skriftlege arbeida kan inngå i masteroppgåva, men skal ikkje vere identiske med til dømes med kapittel i den ferdige oppgåva. Det blir også lagt til grunn forventing om progresjon frå dei arbeida som blir innlevert tilknytt det einskilde emnet, til avhandlinga som blir innlevert til slutt. To studentar kan vere saman om masteroppgåva.

Dei valfrie emna kan settast saman slik at dei saman med den obligatoriske delen av studiet enten får eit tyngdepunkt mot marknaden ("privat sektor") eller mot offentleg politikk for innovasjon og næringsutvikling. Studentar som vil spesialisere seg mot marknaden, kan til dømes velje enten B5 eller B6. Studentar som vil spesialisere seg til oppgåver i offentleg sektor, velgjer likeeins enten B2 eller B3 som det eine av dei valfrie emna. Studenten skal sette saman emne-porteføljen saman med rettleiar slik at ønska profilering kan oppnåast.



Yrkesmuligheter

Arbeidsmarknaden for masterkandidatane er:

- Det offentlege eigde og drivne innovasjons-, næringsutviklings- og verkemiddelapparatet, som til dømes Innovasjon Norge, Næringsdepartementa, Fylkeskommunanes Næringsavdelingar, Fylkesmennes landbruksavdelingar osv, næringslivsmedarbeidarar i kommunane og interkommunale nærings- og utviklingsselskap.
- FoU- systemet, det vil seie i forskings- og utviklingsorganisasjonar som høgskulane, forskingsstiftingane, kunnskaps- innovasjons- og inkubatorparkar og liknande
- Privat næringsutviklingssektor som bankanes næringsavdelingar, konsultentselskap, næringsutviklingsselskap, destinasjonsselskap og som næringsutviklings- og samfunnskontaktansvarlege i private selskap og næringsutviklingsansvarleg i ulike typar fag- og interesseorganisasjonar.

Dette er det vi vil kalle hovudmålgrupper i den arbeidsmarknaden som vi vil kvalifisere våre studentar for, men erfaringsmessig vil slike kandidatar kvalifisere seg for eit breitt spekter av jobbar gjennom ulike kombinasjonar av utdanning, praksis og interesser. Vi ser til dømes for oss av dette er studium som kvalifiserer godt for næringslivsjournalistikk, informasjonsarbeid og arbeid i internasjonale organisasjonar som arbeider med næringslivsspørsmål.

Opptakskrav

Masterstudiet i innovasjon og næringsutvikling har kandidatane på reiselivsstudiet og det økonomisk administrative studiet på Høgskolen i Lillehammer som lokal basis for rekrutteringa av studentar. Saman med studentar som har tilsvarande økonomisk administrativ eller næringsretta bachelor-utdanning i resten av landet, er dette viktigaste målgruppa for rekruttering til studiet. Også studentar med anna realfags-, samfunnsfags- og kulturfagleg utdanning kan takast opp etter individuell vurdering. Dette gjeld til dømes ingeniørar som i sin treårige utdanning har tilstrekkeleg innslag av økonomi og administrasjonsfag. I ein overgangsfase vil sjølvsagt også mange med relevante cand.mag. - samansettingar på tilsvarande måte vere kvalifiserte for opptak på studiet.

Studiet byggjer på, og er tilrettelagt for heiltidsstudentar som går meir eller mindre direkte vidare frå bachelorutdanninga si. Sjølv om studiet er tilrettelagt for dette, er det ein fordel med praksis frå arbeidslivet. Studentar som har praksis, vil derfor prioriterast for opptak under elles like vilkår.

Det faglige minstekravet for opptak er karakteren C (eller 2,7 ved tallkarakterer) som vektet gjennomsnittskarakter for de eksamenar som inngår i det faglige grunnlaget.

Undervisnings- og læringsmetode

Dei som får opptak på studiet, skal i samråd med fagpersonellet på studiet sette opp ein kortfatta, individuell læreplan. I læreplanen skal studenten grunnkje progresjonen sin og klargjere dei spesielle



måla ho/han vil realisere gjennom studieprogrammet. Val av studieemne skal vere ein del av læreplanen. Vidare skal studenten skissere tema for masteroppgåva slik at rettleiar kan bli tildelt. Studentane blir oppfordra til å starte tenkjeprosessen kring masteroppgåva frå første semester slik at val av emne og oppgåveskriving som skal dokumenterast som arbeidskrav i størst mogleg grad byggjer opp om dette avsluttande hovudarbeidet.

Masterstudiet i Innovasjon og Næringsutvikling har eit omfang på 120 poeng og kan gjennomførast som heiltidsstudium over 2 år. Studiet kan også gjennomførast som deltidsstudium over eit lengre tidsrom, men er ikkje spesielt tilrettelagt for fjernundervisning ut over vanleg bruk av Classfrontier. Deltidsstudentar bør derfor primært bu i pendlingsavstand til Lillehammer og ha avtale med arbeidsgjevar om moglegheit for å følgje delar av undervisninga.

Eksamen

Kvart emne er evaluert etter det prinsippet at oppgåver som er skreve heime, skal følgjast opp med munnleg prøving som viser at kandidaten kan inntå for oppgåva. Det kan vere maksimalt to kandidatar som skriv felles oppgåve. Den munnlege eksamen skal også vere ei prøving i pensum dersom det ikkje er ein dagseksamen som tener dette føremålet. Arbeidskrav som er ein føresetnad for å gå opp til eksamen, blir supplert med skuleeksamen. Slike arbeidskrav kan vere både individuelle og gruppebasert.

Utenlandsopphold

Studiet er i utgangspunktet ikke lagt opp for utenlandsopphold

Heltid/ deltid

Heltid

Studielengde

2 år

Grad/ kompetanse

Masterstudium



Høgskolen i Lillehammer

Lillehammer University College • hil.no

Opptak

Lokalt opptak

Kull

2007/2009

Godkjenningsorgan

NOKUT

Godkjenningsdato

30.01.2006

Emneoversikt: Master i Innovasjon og næringsutvikling (kull 2007-09)

Kode	Emnets navn	SP.	O/V *)	Studiepoeng pr. semester			
				S1(H)	S2(V)	S3(H)	S4(V)
INN3002	Entreprenørskap og utviklingsaktører	15	O	15			
INN3001	Vitenskapsteori og metode (for MA Innovasjon og næringsutvikling)	15	O	15			
INN3003	Næringspolitikk og næringsutvikling	15	O			15	
PAD3001	Fjernivåstyring, partnerskap, planlegging	15	V			15	
INN3004	Kulturbasert næringsutvikling	15	V			15	
INN3005	Organisasjonsutforming i offentlig sektor	15	V			15	
INN3006	Ledelse - strategi og endring	15	V				15
INN3009	Markedsanalyse, markedssegmentering og kundeanalyse	15	V				15
INN3007	Politiske styring i regionenes Europa	15	V				15
INN3008	Kreative prosesser, storytelling og opplevelsesproduksjon	15	V				15
INN3010	Masteroppgaven - Innovasjon og næringsutvikling	45	O				15
Sum:				30	30	30	30

*) O - Obligatorisk emne, V - Valgbare emne



Høgskolen
i Lillehammer

Lillehammer University College • hil.no

Emneoversikt

INN3002 Entreprenørskap og utviklingsaktører

Navn:

Entreprenørskap og utviklingsaktører

Kode:

INN3002

Studiepoeng:

15



Emnebeskrivelse:

Emnet skal gi ei kunnskap om tiltak for næringsutvikling og også ta opp de til enhver tid aktuelle faglige og politiske stridsspørsmåla om hva som er den beste næringspolitikken: tilhøvet mellom bedriftsretta og allmenne tiltak, næringsnøytralitet versus strategisk satsing på enkelt næringer osv. Pedagogisk vil emnet bli delt opp i tre bolker.

1. Bedriftsetablering: innovasjon, imitasjon og levetid

Målet med denne bolken er å forstå hvorfor etableringer, entreprenørskap og vekst i bedriftene varierer fra tid til tid og mellom regioner og land.

Det blir lagt vekt på å forstå skillet mellom nyetableringer generelt og nyetableringer som er innovative ved å representere noe nytt i motsetning til nyetableringer som etterligner (imiterer) andre bedrifter som har hatt suksess. Ulike typer entreprenørskap er et sentralt tema. Entreprenøren som etablerer egen bedrift vil bli relatert til samfunnsentreprenøren som kan ha flere roller. Kollektivt entreprenørskap blir analysert som alternativ til den individuelle aktøren. Entreprenørskapet kan også forstås som funksjon eller som en fase i bedriftens liv. Faser i bedriftens utvikling blir analysert.

2. Virkemiddel og hjelpeapparat

Virkemiddelsystemet er i Norge og Europa delt opp etter to dimensjoner: Virkemiddel som en del av næringspolitikken, og verkemiddel som er regionalpolitisk begrunnet. Fagstoff som vil stå sentralt, er: Virkemidler i teori og praksis, verkemiddelapparatets organisasjoner og institusjoner og ikke økonomiske virkemiddel og ressurser

Etablereren og enkeltbedriften er den sentrale analyseenheten også her. Gjennom et samarbeid med verkemiddelapparatet (Innovasjon Norge og Fylkeskommunene), bruker vi konkrete bedriftsetableringer til å vise hvordan ulike virkemidler påvirker foretaket, bransjen og regionen.

3. Nasjonal- og regionalisert næringspolitikk

Målsettinga med denne bolken er å gi innsikt i hvordan bedriften til enhver tid på møter politikk som rammevilkår for sin utvikling.

Vi tar utgangspunkt i at nasjonalstaten har mistet sitt 'monopol' i nærings- innovasjons- og regionalpolitikken. Makt er avgitt til overnasjonale organ, men også delegert til regioner, kommuner og relativt autonome institusjoner. I tillegg har sterke marknadsaktører med det multinasjonale selskapet som spydspiss reell makt. Det blir lagt vekt på viseshvordan samfunnets 'spilleregler' i vid forstand er viktig for næringsutviklinga og at ikke bare statlig næringspolitikk, men også lokale og kommunale næringsutviklingsaktører ofte spiller viktige roller. Næringspolitisk teori vil bli kombinert med presentasjon av 'utvalgte praksiser', altså eksempel påfor eksempel industri- og reiselivspolitik, næringspolitikk som del av distrikts- og regionalpolitikken osv.

Læringsutbytte:

Målet med dette emnet er å vise samspillet mellom bedrift, samfunn og offentlig næringsutviklingspolitikk. Små og mellomstore bedrifter vil stå i sentrum med vekt på nyetableringer og entreprenørskap både i nye og eksisterende bedrifter. Forholdet mellom bedrift og samfunn vil bli forstått innen rammene av det vi vil kalle foretaksklima. Det er kjennetegn både ved bedriften og foretaksklimaet som ligger til grunn for å forstå utfordringene til offentlige utviklingsaktører.

**Undervisnings- og læringsmetode:**

Emnet blir i hovedsak gjennomført som ei blanding mellom forelesinger og forberedte seminar der studentene (som arbeidskrav) legger fram selvvalgte eller pålagte tema og problemstillinger. Det vil også være et innslag av bedrifts- og organisasjonsbesøk og ulike utviklingsaktører blir invitert til høgskolen for å presentere seg selv, sin rolle og sitt konsept.

Emneier:

MA Innovasjon og næringsutvikling

Emne er obligatorisk for:

Master i Innovasjon og næringsutvikling

Emne er valgbart for:

Master i moderne forvaltning

Arbeidskrav:

Et essay som er skrevet individuelt eller sammen med maksimalt 2 andre.

Eksamensform:

Skoleeksamen over 4 timer

Karaktersystem:

Karakter A-F

Sensorordning:**Semester:**

Høst

Heltid/ deltid:

Heltid

Studieår:

2007

Antall studenter:

20

Emneansvarlig:

Håvard Teigen

Undervisningsspråk:

Norsk

Level of course:

Master



INN3001 Vitenskapsteori og metode (for MA Innovasjon og næringsutvikling)

Navn:

Vitenskapsteori og metode (for MA Innovasjon og næringsutvikling)

Kode:

INN3001

Studiepoeng:

15

Emnebeskrivelse:

Undervisinga blir innleia med ein gjennomgang av sentrale ”-ismar” og nærslekta tema innanfor vitenskapsteorien. Så følgjer undervisinga i metode. Metodeundervisinga vil dekke både kvalitative og kvantitative forskingsmetodar gjennom å presentere studentane for dei mest nytta teknikkane i kvalitativ og kvantitativ dataanalyse. Som eit ledd i metodeundervisinga inngår også at studentane sjølve skal trene på å bruke nokre av dei teknikkane som blir dekt i undervisinga. Denne treninga vil kunne ut i ei obligatorisk mappelinlevering i både kvalitativ og kvantitativ dataanalyse.

Læringsutbytte:

Emnet vitenskapsteori og metode skal gi studentane innsikt i vitenskapens filosofiske grunnlag samt i de metodar som er nødvendige for eit høgre grads samfunnsfagleg studium. Målsettinga for vitenskapsteorien er at studentane skal utvikle forståing for korleis vitenskapelig kunnskap frambringes slik at dei kan vurdere denne kritisk. Sentralt i dette vil vere eit fokus på den forskingsbaserte kunnskapens muligheter og begrensingar og korleis den kan brukast i konkrete situasjonar. I denne samanhengen står også etisk medvit i forhold til bruk av forskingsbasert kunnskap sentralt.

Vitenskapsteorien vil omfatte ein gjennomgang av ”grunnlagsproblema” og ulike vitenskapsteoretiske posisjonar knytt opp mot aktuelle case og historiske debatter. Sentrale tema i undervisinga vil være empirisme, rasjonalisme, hermeneutikk, fenomenologi, kritisk teori og konstruktivisme. Sidan studiet siktar mot å rekruttere studentar med både samfunnsfagleg, økonomisk og naturvitenskapelig bakgrunn, vil eit spesielt fokus også bli retta mot ulikskapane (og likskapane) i vitenskapsteorien til desse faga.

Målsettinga for undervisinga i metode er at studentane skal få øve opp sine praktiske evner i dataanalyse til et nivå som gjer dei i stand til utføre dette i masteroppgåva. Denne undervisinga vil vere ei vidareføring frå tidlegare undervising i metode på bachelor-nivået.

Undervisnings- og læringsmetode:

Undervisinga blir innleia med tradisjonelle førelesningar for seinare å veksle mellom forelesingar og øvingar i PC-rom. I samanheng med denne undervising vil det bli gitt noe opplæring i bruk av statistisk programvare (SPSS eller liknande). Mot slutten av undervisningsperioden blir det meir parvis arbeid med mappene under rettleiing.

**Emneeier:**

MA Innovasjon og næringsutvikling

Emne er obligatorisk for:

Master i innovasjon og næringsutvikling

Eksamensform:

For å få gå opp til den skriftlige 4-timers eksamenen, må studentane (parvis) ha bestått både den kvalitative og den kvantitative mappa.

Ein skriftleg 4-timers eksamen basert på heile pensumet i emnet.

Karaktersystem:

Karakter A-F

Sensorordning:**Semester:**

Høst

Heltid/ deltid:

Heltid

Studieår:

2007

Antall studenter:

20

Emneansvarlig:

?

Undervisningsspråk:

Norsk

Level of course:

Master



INN3003 Næringspolitikk og næringsutvikling

Navn:

Næringspolitikk og næringsutvikling

Kode:

INN3003

Studiepoeng:

15

Emnebeskrivelse:

Innhaldet i næringspolitikken har endra seg over tid vektlegging på primærnæringsane via etterkrigstidas satsing på industripolitikk næringspolitikken til dagens næringspolitikk. Næringspolitikken er også forskjellig frå land til land og endeleg er næringspolitikken eitt av dei politikkområda der det ofte går eit skilje mellom høgre- og venstresida i politikken. Norge skil seg ut på sin måte med sin sterkt oljeavhengige økonomi. I dette emnet analyserer vi næringspolitikk og utviklingsstrategiar i Noreg, i andre industrialiserte og nyindustrialiserte land (NIC) og land under utvikling.

Medan einskildbedrifta danna basis i Emne 2 er vi her opptekne av bedriftas omgjevnader. Bedrifter er del av større produksjonssystem av ulike slag, bransjar eller geografiske opphopingar i klynger. Næringspolitikken er ikkje berre eit politikkkfelt for nasjonalstaten, overnasjonale organ har i aukande grad vorte premissgjevande. I mange land, og Norge er eitt av dei, har staten også overført utviklingsoppgåver til regionane. Nærings- og regionalpolitikk har må forståast i samanheng.

Emnet blir oppdelt i tre bolkar:

1. Internasjonale og nasjonale rammer for næringsutvikling

Formålet med denne bolken er å gje innsikt i korleis det internasjonale økonomiske systemet gjev rammevilkår og spelereglar for nasjonal og regional næringsutvikling og næringspolitikk. Tilhøvet mellom regulering og konkurranse, offentleg drift og konkurranseutsetting er sentrale område. Ulike politisk-økonomiske system sin verknad for næringsutvikling vil vere eit tema.

Alternative og supplerande næringspolitiske strategiar skal analyserast og drøftast; politikk som satsar på innanlandske marknader versus satsing på eksport, bruk av strategisk handelspolitikk og aktiv versus passiv stat. Det er også i denne bolken vi vil introdusere dei overordna problemstillingane knytt til vår oljeavhengige økonomi.

2. Næringar, klynger og regionar

Formålet med denne bolken er å gi kunnskap om næringars vekst og tilbakegang, samanhengen mellom næringsutvikling og regional utvikling (til dømes byvekst). Kva for funksjonelle relasjonar bedrifta har til andre bedrifter og bransjar er ein del av dette, tilhøvet mellom offentleg og privat sektor er ein annan viktig relasjon.



I analysen av samspelet mellom styresmakter og marknadsaktørar vil vi i denne bolken leggje særleg vekt på lokal- og mellomnivået, dvs. kommunane, regionane sin tilrettelegging for, og deltaking i, næringsutvikling. Bygging av sterke regionar er ein del av dette emnet. Studenten skal sjølv ta del i øvingar der offentleg tilgjengeleg statistikk blir brukt som grunnlag for å analysere og drøfte nærings- og regionutviklingsstrategiar.

3. Innovasjonssystem og innovasjonspolitik

Formålet med dette emnet er å gje innsikt i eit hovudtema i dagens næringspolitikk. Innovasjonspolitik vil bli knytt til ulike former for kunnskapsutvikling; uformell læring i bedrifter, lokalsamfunn og nettverk, FoU i bedrifter, institutt, høgskular og universitet.

Innovasjonssystem vil bli forstått både som nasjonale, regionale og sektorielle: Det nasjonale forskings- og innovasjonssystemet i Noreg og i ein utvald region eller sektor/ klynge vil bli brukt i undervisinga. Også her vil innovasjonsstrategiane bli analysert i eit internasjonalt perspektiv med spesiell vekt på OECD og EU sine roller.

Læringsutbytte:

Se innhold på emnet

Undervisnings- og læringsmetode:

Det skal vekslast mellom forelesingar, individuelle arbeid, gruppearbeid og arbeid i felten. Studentane skal enkeltvis eller i grupper velje seg ein region som skal analyserast gjennom tilgjengelege data og analysemetodar. Slike arbeid skal dokumenterast som arbeidskrav.

Emneier:

MA Innovasjon og næringsutvikling

Emne er obligatorisk for:

Master i Innovasjon og næringsutvikling

Eksamensform:

Eksamen har form av eit essay på 15-20 sider. Dette kan vere ei rein teoretisk drøfting eller det kan byggje på empiriske øvingsoppgåver som tidlegare i kursen er innsendt som arbeidskrav. Essay og pensum skal forsvarast gjennom munnleg prøve.

Karaktersystem:

Karakter A-F

Sensorordning:

Semester:

Vår

Heltid/ deltid:

Heltid

Studieår:

2008



Antall studenter:

20

Undervisningsspråk:

Norsk

Obligatorisk pensum:

Fagerberg: **Innovation: A guide to the literature** . I Fagerberg m.fl. (red)., kap 1, 26 sider

Powell & Grodal: **Networks of Innovators**, I Fagerberg m.fl. (red)., kap , 25 sider

Smith: **Measuring innovation**, I Fagerberg m.fl. (red)., kap 6, 30 sider

Edquist: **Systems of innovation: Perspectives and challenges**, I Fagerberg m.fl (red)., kap 7, 27 sider

Asheim & Gertler: **The geography of innovation: Regional innovation systems** , I Fagerberg m.fl (red)., kap 11, 26 sider

Bruland & Mowery: **Innovation through time** , I Fagerberg m.fl.(red)., kap 13, 30 sider

Miles: **Innovation in services** , I Fagerberg (red)., kap 16, 25 sider

Austvik: **I nternasjonal handel og økonomisk integrasjon** , Kap 1, 2, 16 og 17, 77 sider

Norman, **Innledning: Grunnlaget for næringspolitikk** , I Norman (red), s. 9-25, 17 sider

Nordvik: **Fra plan til marked**, I Norman (red), s. 27-55, 28 sider

Heum: **Norske storforetak - lokomotiver uten vogner**. I Norman (red) s. 57-83, 26 sider

Lommerud: **Konkurransopolitikk eller aktiv næringspolitikk i en liten åpen økonomi**. I Norman (red) s. 117-136, 20 sider

Mathiesen: **Mot en ny næringspolitikk**, I Norman (red) s. 193-222, 30

Hagen m.fl: **Globalisering, næringslokalisering og økonomisk politikk** , kap 1-3, 5-6, 119 sider

Spilling (red): **Kunnskap, næringsutvikling og innovasjonspolitik** , kap 1-10, 200 sider

Supplerende/anbefalt litteratur (ikke obligatorisk):

Aktuelle dokumenter, ca 200 sider, *kursorisk*

Level of course:

Master



PAD3001 Flernivåstyring, partnerskap, planlegging

Navn:

Flernivåstyring, partnerskap, planlegging

Kode:

PAD3001

Studiepoeng:

15

Emnebeskrivelse:

1. Innføring i flernivåstyring

De nye offentlige styringsformene omtales generelt i faglitteraturen som "governance", og defineres som et alternativ til tradisjonell "government" som styringsform. Governance refererer seg til styring av aktører i nettverk, og begrepet er derfor særlig knyttet til dannelse av horisontale eller vertikale partnerskap med gjennomføring av planlegging og utviklingstiltak som formål. Vertikal organisering blir til "multi-level-governance", dvs. flernivåstyring, og er en form for fellesstyring mellom forvaltningsnivåer og også andre aktører basert på forhandlinger og avtaler. Flernivåstyring ser også på statens rolle i grenseoverskridende flernivåstyringssystem.

2. Innføring i partnerskapskonsepter i internasjonal og norsk sammenheng

Oppblomstringen av flernivåstyring kan ses på som et svar på endrede rammebetingelser for offentlig sektors styre- og planleggingsform hvor sektoren ønsker mobilisering eller ser det slik at den ikke lengre alene kan opprettholde velferdsstatens goder. Flernivåstyring endrer det tradisjonelle hierarkiske politisk/ administrative styringssystemet. Politisk blir det definert som ønskelig med forpliktende samspill mellom flere aktører, mellom hierarki og marked for å videreutvikle velferdsstaten og skape ny økonomisk og regional utvikling. På et ideologisk plan kan man si at velferdsstaten har etablert et nytt rammeverk for styringen av utviklingen innenfor et postmoderne og et post-byråkratisk system. Innenfor dette rammeverket skjer det en oppblomstring av hybride styringsformer mellom hierarki og marked, hvor temaer som demokrati, legitimitet og deltakelse står sentralt. Dette vil bli gjenstand for problematisering og drøfting i forhold til bådeorganisering, styring, planlegging, og implementering.

I emnet vil en også se nærmere på forskjellige former for partnerskap med særlig vekt på to retninger: Den anglo-amerikanske retningen "public-private partnerships" for å løse velferdsoppgaver ved hjelp av å introdusere markedsløsninger for å reformere offentlig sektor. Og den kontinentale retningen hvor partnerskap og flernivåstyring i sterkere grad betoner horisontale og vertikale partnerskap, med formål territoriell utvikling.

3. Planteori, planlegging og partnerskap



Her vil det spesielt bli fokusert på kontraktsplanlegging og institusjonelle partnerskap som ledd i flernivåsamspill innenfor konteksten av norsk regional planlegging og utvikling, f.eks knyttet til fylkesplaninstituttet. Her vil vi se nærmere på hvordan partnerskap blir knyttet til planlegging, hvordan partnerskap påvirker planlegging og sammenligne de ulike konseptene planlegging (etter PBL) og partnerskap bygger på.

4. Institusjonsbygging i flernivåsystemet

Gjennom partnerskap (i planlegging) drives institusjonsbygging innenfor en fragmentert hierarkisk institusjonell struktur hvor stadig flere områder blir fristilt og opererer på en armlengdes avstand fra politiske beslutningsorganer. Regionalt og lokalt forsøker man å bygge såkalt institusjonell kapasitet for regional og lokal utvikling gjennom utvikling av partnerskap mellom ulike aktører. Her ser vi nærmere på slik institusjonsbygging i flernivåsystemet og hva dette betyr for bl.a det tradisjonelle (input) demokratiet. Begrepet demokratisk underskudd vil bli definert og diskutert.

I denne delen vil vi legge vekt på institusjonell teori og planteori i tillegg til litteratur som spesifikt behandler prinsipper for flernivåstyring og partnerskap.

Emnet vil det bli lagt vekt på institusjonell teori og planteori i tillegg til litteratur som spesifikt behandler prinsipper for flernivåstyring og partnerskap. Det vil spesielt bli fokusert på kontraktsplanlegging og institusjonelle partnerskap som ledd i flernivåsamspill innenfor konteksten av norsk regional planlegging og utvikling, f.eks.knyttet til fylkesplaninstituttet.Emnet bygger på institusjonell teori og planteori i tillegg til litteratur som spesifikt behandler prinsipper for flernivåstyring og partnerskap.

Læringsutbytte:

Formålet med emnet flernivåstyring, partnerskap og planlegging er å gi deltakerne oversikt og innsikt i nye styrings- og organisasjonsformer som delvis erstatter eller kommer i tillegg til tradisjonell offentlig forvaltning og styringsverk. De nye formene preges av offentlige aktører som forhandler, inngår avtaler og danner partnerskap for å realisere utviklingsmål.Avtaler og plankontrakter inngås mellom offentlige aktører, med private aktører og med det sivile samfunnet i ulike typer nettverk, samtidig som disse avtaler og kontrakter blir styringsgrunnlaget.Det er et mål å gi innsyn i transformasjonsprosessene, modellimporten og dynamikken i sammenheng med planlegging og partnerskap, samt i de nye styringsformenes teorigrunnlag og deres praktiske virkemåte.

Undervisnings- og læringsmetode:

Arbeidsformen i emnet vil veksle mellom forelesninger, individuelt arbeid og gruppearbeid.Ut fra emnets innhold blir det viktig å diskutere de nye styringsformene og etablering av partnerskap som ledd i konkrete nasjonale og internasjonale plan og utviklingsstrategier, men samtidig gjennom forelesninger relatere problemstillinger til relevante teorier. Pensum gir muligheter til dette, men det vil også bli lagt vekt på at deltakerne selv er aktive i å formulere konkrete problemstillinger ut fra eget arbeid med emnet.

Foruten veiledning, baserer undervisningen seg på tre samlinger over 2-3 dager ved HiL gjennom semesteret.

Emneeier:

MA Moderne forvaltning/MPA

**Emne er obligatorisk for:**

Master i Moderne forvaltning (MPA)

Emne er valgbart for:

Master i Innovasjon og næringsutvikling. Lyses også ut eksternt (se forkunnskaper for opptakskrav)

Arbeidskrav:

Studentene skriver et essay med formulert problemstilling og teoretisk drøfting samt et forberedt innlegg til en gruppediskusjon. Essayet og innlegget skal være godkjent før studenten kan gå opp tileksamen.

Eksamensform:

6 timers skoleeksamen

Karaktersystem:

Karakter A-F

Forkunnskaper:

Se opptakskrav Master i innovasjon og næringsutvikling og Master i moderne forvaltning.

Sensorordning:**Semester:**

Vår

Heltid/ deltid:

Både heltid og deltid

Studieår:

2008

Antall studenter:

20

Emneansvarlig:

Noralv Veggeland og Ulla Higdem

Undervisningsspråk:

Norsk

Level of course:

Master



INN3004 Kulturbasert næringsutvikling

Navn:

Kulturbasert næringsutvikling

Kode:

INN3004

Studiepoeng:

15

Emnebeskrivelse:

Emnet er delt i to deler som har nær sammenheng med hverandre. Del 1 har tittelen kultur og kulturforståelse og retter søkelyset mot hvordan kultur og kulturfeltet kan forstås.

Del 2 har tittelen kulturnæringer og lokal/regional utvikling. Her gis det først en generell introduksjon til regional næringsutvikling med et spesielt fokus på klynger og nettverk. Dette er av spesiell relevans for kulturnæringene som ofte preges av sterk geografisk konsentrasjon.

Deretter rettes søkelyset mot kulturnæringene. Hva er det som karakteriseres kulturnæringene? Hva er det disse næringene produserer? Hvordan er de organisert? Hvilken økonomiske betydning har de? Hva er deres vekst- og utviklingspotensial?

Kunnskapen om kulturnæringene er nødvendig for kunne undersøke og forstå grunnlaget for kulturbasert regional utvikling. Hvordan kan disse næringene bidra til regional utvikling? Hvordan kan myndigheter og virkemiddelapparat bidra?

Læringsutbytte:

